



**DET KONGELEGE  
SAMFERDSELSDEPARTEMENT**

Likelydande brev  
Sjå vedlagde liste

Dykkar ref

Vår ref  
11/991- MEK

Dato  
09.02.2012

**Høyring - diverse endringar i lov av 21. juni 2002 nr. 45 om yrkestransport med motorvogn og fartøy (yrkestransportlova)**

Samferdselsdepartementet foreslår med dette å endra yrkestransportlova på enkelte område.

Det har over tid vist seg at det er behov for enkelte endringar i yrkestransportlova. Behovet er initiert nasjonalt og har ikkje bakgrunn i nytt EØS-regelverk. Delar av forslaget er ei oppfølging av den såkalla drosjejukssaka i Oslo tidlegare på 2000 talet.

Høyringsnotatet inneheld i del I, II og IV forslag til tiltak for å effektivisera løyvestyresmaktene si forvaltning og kontroll av transportnæringa. I del I blir det føreslått å gjera unntak i skatte- og avgiftsstyresmaktene si teieplikt i høve til nærare fastsette opplysningar som kan overleverast til løyvestyresmakta. Dette vil gi grunnlag for ei utvida vandelsvurdering av den som søker om, eller har løyve. Ved vandelsvurderinga vil ein då og kunne ha med i vurderinga administrative sanksjonar gitt for lovbrøt på skatte- og avgiftsområdet. Det blir vidare føreslått ein heimel som gir løyvestyresmakta høve til å krevja lagt fram kopi av innlevert næringsoppgåve og sjølvmelding frå den som søker om eller har løyve. Forslaga vil gjelde for alle løyvetypar. Del II inneheld forslag til innføring av krav til vandel og økonomi ved godkjenning av drosjesentral, medan del IV omhandlar forslag om å opna for meir fleksibilitet ved utekontroll av yrkestransportregelverket.

Del III er ei oppfølging av den nye politiregisterlova som medfører mindre endringar i yrkestransportlova.

---

Postadresse:  
Postboks 8010 Dep  
0030 OSLO

Kontoradresse:  
Akersg. 59  
[www.regjeringen.no/sd](http://www.regjeringen.no/sd)

Telefon  
22 24 90 90 / 22248301  
Org. nr.:  
972 417 904

Kollektivtransport- og  
baneavdelinga  
Telefaks:  
22 24 95 73

Saksbehandlar:  
Marianne Engeset  
Kristing  
22 24 81 36

I del V i høyringsnotatet blir det føreslått å innføra eit unntak frå kravet om løyve for transport i regi av frivilligsentral som mottok statstilskot.

Tilslutt i høyringsnotatet blir det presentert ei endring i forvaltningspraksis kva gjeld høve til å gi lemping i driveplikta for drosje i nærare avgrensa tilfelle. Denne praksisendringa medfører inga endring i lov, men blir likevel teke med i høyringa bl.a. for å informera høyringsinstansane om den komande praksisendringa og gi dei høve til å koma med fråsegner om den.

Departementet ber om at høyringsinstansane vurderer og kjem med innspel til dei økonomiske og administrative konsekvensane dei ulike forslaga vil ha.

Departementet informerer vidare om at vi for tida vurderer behovet for kriteria for tildeling/behovsprøving av drosjeløyve og samarbeidsløysingar gjennom egne retningslinjer.


Høyringsnotatet blir på grunn av sin storleik ikkje vedlagt i denne oversendinga, men er tilgjengeleg på departementet si heimeside:

<http://www.regjeringen.no/nb/dep/sd.html?id=791>.

Samferdselsdepartementet ber om at den einskilde høyringsinstansen vurderer behovet for, og eventuelt sørgjer for, oversending av høyringsbrevet til aktuelle underinstansar. Vi ber om tilbakemelding dersom dette høyringsbrevet bør bli lagt fram for instansar som ikkje står på høyringslista.

Fristen for å senda inn høyringsfråsegner er tre månader, dvs. **9. mai 2012**.

Med helsing



Arnfinn Øen e.f.



Marianne Engeset Kristing

**Likelydande brev sendt til:**

Akademikerne

Akershus fylkeskommune

Sentraladministrasjonen

Arbeidsdepartementet

Arbeidsgiverforeningen Spekter

Aust-Agder fylkeskommune

Barne-, likestillings- og  
inkluderingsdepartementet

Buskerud fylkeskommune

Datatilsynet

Det norske maskinistforbund

Finansdepartementet

Finnmark fylkeskommune

Fiskeri- og kystdepartementet

Forbrukerombudet

Forbrukerrådet

Fornyings-, administrasjons- og  
kirkedepartementet

Forsvarsdepartementet

Hedmark fylkeskommune

Helse- og omsorgsdepartementet

Hordaland fylkeskommune

Hovedorganisasjonen Virke

HSH

Hurtigbåtenes Rederiforbund

Justis- og politidepartementet

Kollektivtrafikkforeningen

c/o Akershus fylkeskommune

Kommunal- og regionaldepartementet

Konkurransetilsynet

KS - Kommunesektorens interesse- og  
arbeidsgiverorganisasjon

Kulturdepartementet

Kunnskapsdepartementet

Landbruks- og matdepartementet

Landsorganisasjonen i Norge

Miljøverndepartementet

Møre og Romsdal fylkeskommune

NHO Transport

Nordland fylkeskommune

Nord-Trøndelag fylkeskommune

Norges Ingeniør- og

Teknologiorganisasjon

Norges Lastebileier-Forbund

Norges Taxiforbund  
Norges Turbileierforbund  
Norsk Kommuneforbund  
Norsk Sjømannsforbund  
Norsk Sjøoffisersforbund  
Norsk Transportarbeiderforbund  
NSB Nettbuss AS  
Nærings- og handelsdepartementet  
Næringslivets Hovedorganisasjon  
Olje- og energidepartementet  
Oppland fylkeskommune  
Oslo kommune - Byrådet  
Rederienes Landsforening  
Regjeringsadvokaten  
Rogaland fylkeskommune  
Ruter AS  
Sogn og Fjordane fylkeskommune  
Statsministerens kontor  
Sør-Trøndelag fylkeskommune  
Telemark fylkeskommune  
Transportbrukernes Fellesorganisasjon  
Troms Fylkeskommune  
Utenriksdepartementet  
Vegdirektoratet  
Vest-Agder fylkeskommune  
Vestfold Fylkeskommune  
Yrkesorganisasjonenes Sentralforbund  
Yrkestrafikkforbundet  
Østfold Fylkeskommune